



TOKKE KOMMUNE

Sentraladministrasjonen
Direkte tlf.: 35075203
Sentralbord : 35 07 52 00
Telefaks : 35 07 71 33
E-post: postmottak@tokke.kommune.no
Org. nr.: 964 964 521 mva

Det Kongelige olje- og energidepartement
Pb. 8148 Dep.
0033 Oslo

Løpenr	Saksnr	Arkivkode	Avd/Seksj/sakb	Dykkar ref	Dato
806/05	04/01872-	S10 &13	SEN-SEN-SEB		14.02.2005
	4				

Melding om vedtak

Særutskrift: Uttale frå Tokke kommune i heimfallsaki.

Frå handsaminga i Formannskap - 09.02.2005:

Rådmannen la fram fylgjande endra framlegg:

” Tokke kommune stiller seg bak LVK og KS sitt mindretalsframlegg i heimfallsspørsmålet. Dette inneber full støtte til ei grundig utgreiing av transaksjonsmodellen, sekundært rettighetsmodellen om ikkje transaksjonsmodellen er mogleg å få til.

Lengda på konsesjonstida ved dei ovan nemnde alternativ bør vera 60 år som i dag.

Grunngjevinga for dette er at Tokke kommune som medeigar i kraftproduksjon ynskjer å halda fram som langsiktig eigar – utan den salstvang som fleirtalet sitt framlegg i realiteten inneber. Det er grunn til å frykte at fleirtalet sitt framlegg vil medverke til at utanlandsk eigarskap i kraftproduksjonen vil auke over tid – ei utvikling som er i strid med dei omsyn heimfallsordninga skal ta i vare.

Som minimum bør fleirtalet i heimfallsutvalet si innvending mot transaksjonsalternativet om at denne modellen ikkje stettar ESA sine krav, bli nærare prøva før Stortinget tek endeleg avgjerd.

I tillegg må alle sider ved heimfallsordninga og kva EØS-avtala i røynda legg av føringar på ordninga bli nærare utgreidd før Stortinget gjer endeleg vedtak, som til dømes:

- om kommunar og fylkeskommunar kan eige vassfall direkte utan heimfallskrav
- om slike vassfall kan leigast ut for inntil 60 år utan at heimfall trer inn.
- Om staten må gje skadebot til offentlege eigarar som eventuelt misser kraftverk ved heimfall etter nye reglar
- Om det er turvande at private konsesjonærar får forlenga heimfallstidi om lovtidspunktsmodellen vert vald.
- Om ikkje ei ny ordning òg bør omfatte konsesjonar gjevne før 1909. ”

Rådmannen sitt endra framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap - 09.02.2005:

Tokke kommune stiller seg bak LVK og KS sitt mindretalsframlegg i heimfallsspørsmålet. Dette inneber full støtte til ei grundig utgreiing av transaksjonsmodellen, sekundært rettighetsmodellen om ikkje transaksjonsmodellen er mogleg å få til.

Lengda på konsesjonstida ved dei ovan nemnde alternativ bør vera 60 år som i dag.

Grunngjevinga for dette er at Tokke kommune som medeigar i kraftproduksjon ynskjer å halda fram som langsiktig eigar – utan den salstvang som fleirtalet sitt framlegg i realiteten inneber. Det er grunn til å frykte at fleirtalet sitt framlegg vil medverke til at utanlandsk eigarskap i kraftproduksjonen vil auke over tid – ei utvikling som er i strid med dei omsyn heimfallsordninga skal ta i vare.

Som minimum bør fleirtalet i heimfallsutvalet si innvending mot transaksjonsalternativet om at denne modellen ikkje stettar ESA sine krav, bli nærare prøva før Stortinget tek endeleg avgjerd.

I tillegg må alle sider ved heimfallsordninga og kva EØS-avtala i røynda legg av føringar på ordninga bli nærare utgreidd før Stortinget gjer endeleg vedtak, som til dømes:

- om kommunar og fylkeskommunar kan eige vassfall direkte utan heimfallskrav
- om slike vassfall kan leigast ut for inntil 60 år utan at heimfall trer inn.
- Om staten må gje skadebot til offentlege eigarar som eventuelt misser kraftverk ved heimfall etter nye reglar
- Om det er turvande at private konsesjonærar får forlenga heimfallstidi om lovtidspunktsmodellen vert vald.
- Om ikkje ei ny ordning òg bør omfatte konsesjonar gjevne før 1909.

Med helsing



Olav Bjørn Bakken
Rådmann



Siv Ella Bekk
Sekretær

Kopi: Kommunanes Sentralforbund